

NORDPLAN AS AVD FØRDE
Postboks 685
6801 FØRDE

Tilbakemelding etter utført arkeologisk registrering - detaljreguleringsplan Hardanger Lift - Ullensvang kommune

Vi viser til dykkar brev med varsel om revidert planområde datert 02.07.2021, samt tidlegare korrespondanse i saka vedrørande trong for arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikt heimla i kulturminnelova §9. Vi gjer for ordens skuld merksam på at vi i dette brevet berre uttalar oss om tilhøvet til automatisk freda kulturminne, og viser til vår uttale datert 21.12.2020 med innspel til oppstartvarsel for øvrige kulturminnefaglege innspel til planarbeidet.

Ettersom planområdet var redusert i revidert varsel per 02.07.2021, ba tiltakshavar Hardanger Lift Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, å utarbeide revidert kostnadsoverslag for arkeologisk registrering. Revidert kostnadsoverslag vart oversendt og godkjent av tiltakshavar 01.09.2021.

Planområdet dekkar areal i Odda, sørsøraustover opp den bratte fjellsida mot Rossnos og areal ved Rossnos og sørover mot Vasstunsnuten. Særleg arealet i den høgare delen av planområdet var vurdert til å ha potensiale for automatisk freda kulturminne, og særleg kulturminne knytt til jakt- og fangst av villrein. Arealet ligg i utkanten av Hardangervidda, og er overordna ein del av eit storskala kulturlandskap som har vore nytta til ferdsle, jakt, fangst og hausting av utmarksressursar frå dei eldste tider og fram til moderne tid.

Arkeologar frå Vestland fylkeskommune utførte arkeologisk registrering i planområdet 21.-22. september 2021. Registreringane påviste ikkje automatisk freda kulturminne innanfor planområdet slik dette er avgrensa per 02.07.2021. Det er fleire vardar og liknande strukturar i planområdet, slike kulturminne er vanskeleg daterbare, men er materielle spor etter ferdsle i høgfjellet. Det er stiar i området, mellom anna nordover til Freimsstølen. Fjellformasjonen Rossnos er eit markant landskapstrekk i området. «Ross» tyder hest, namnet kan truleg knytast til at ein hest, evt hovudet av ein hest, skal kunne sjåast nedanfor den ytterste varden ved låg sol.

Vi ber om at fjellformasjonen sine visuelle kvalitetar, samt vardar, eldre stiar og eventuelle andre kulturlandskapstrekk blir teke omsyn til i planen. Rapport og faktura frå den arkeologiske registreringa blir ettersendt.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Heidi Handeland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
ULLENSVANG KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I
VESTLAND
Bjørn Snorre Waage
Øystein Monsen

Opheimsgata 31
Njøsavegen 2